

Foretaksnavn: Bergen og Hordaland Turlag
Navn: Sigrid Kvåle Myksvoll
Adresse: Tverrgaten 4-6
Postnr.: 5017 Bergen
Telefon: 55 33 58 15
Mobiltelefon: 90850308
E-post: sigrid@bergen-turlag.no

Mottaker: Hordaland fylkeskommune
Saksnr.: 2016/35219

SLUTTRAPPORT

REFERANSEN.R.: 18RB87A3

Bæreturer, Bergen og Hordaland Turlag

Egenvurdering av gjennomføring av tiltaket og tiltakets effekt

Ble tiltaket gjennomført som planlagt? Ja

Egenvurdering av prosjektets faglige resultater og gjennomføring:

Bæreturane i 2017 har vore ein stor suksess. Fra 07. februar til 14. november har det blitt arrangert 18 bæreturar, noko som gjer bæreturane til eit fast tilbod til spedbarn/småbarnsforeldre som ønskjer å gå turar ute utan vogn, saman med andre. Det har vore frivillige som har avvikla samtlege av turane, og dei er utelukkande gratis og opne for å alle å delta på.

Beskriv kort hva ved tiltaket som var spesielt vellykket, middels vellykket og mindre vellykket:

Det kan vere ei utfordring å få tak i leiarar, då denne gruppa gjerne går ut av permisjonen sin ila eit år. I år har desse skiftende fungert til dels godt, då vi fikk litt problem med å finne nye leiarar for haustsesongen. Det blei likevel avvikla nesten like mange turar som planlagt (måtte avlyse 4 turar).

Det er veldig viktig å synleggjere tilbodet til alle moglege interesserte. Vi ser derfor på marknedsføring som eit sentralt punkt. Administrasjon har i samarbeid med frivillige delt alle turane på nettsida til BHT og facebook-sida "Barnas Turlag Bergen", og produsert flyers for å dele ut i Turinformasjonen vår, på store arrangement, på stands, på legestasjonar, helsestasjonar, fysioterapeutkontor og liknande. Bæretur- gruppa på FB, som i fjor på denne tida hadde 381 innmeldte, har no 670 medlemmar. Denne ønskjer vi skal fungere som eit forum for alle som er interessert, også ein stad kor dei kan invitere kvarandre med på private turar og diskutere andre relevante ting. Dette tiltaket ser vi på som spesielt vellykka.

Vi vil vidareføre arbeidet i 2018 og håpar at tilbodet vil etablere seg som eit fast tilbod i Bergen og Hordaland Turlag sin turkalender.

Gi en vurdering av i hvilken grad tiltaket forventes å gi varig økt deltakelse i friluftsliv for deltakerne:

Foreldre har ansvar for oppdragelsen og bidrar i veldig stor grad til aktivitetstype og interesser i barndomstida, så dersom foreldra blir glad i og brukar naturen saman med ungane frå dei er små, har vi tru

på at dette kan vere veldig positivt for vidare deltakelse. Ikkje minst ønskjer vi at dette tilbodet skal vere ein trygg og positiv møteplass for foreldra i permisjon. Det kan gjerne vere skummelt for mange å reise ut på tur aleine med eit spedbarn/småbarn, så vi håpar at dette sosiale tilbodet kan vere ein ekstra dørøpnar for desse. Vi trur at vegen er kort frå eit slikt tilbod til å bli meir aktiv i Barnas Turlag og familieturane som vi arrangerer, t.d. Kveldmatturar, søndagsturar, familieleirar og overnattingsturar. Bergen og Hordaland Turlag tilbyr turprogram som passar for alle gjennom eit heilt liv og i forskjellige stadier av livet. Vi kan derfor forvente at vårt samla tilbod gir varig økt deltaking i friluftsliv og bæreturar er ein viktig del i dette tilbodet.

Beskriv kort, gjerne med stikkord, hva som vurderes som suksesskriterier for å lykkes med denne type tiltak:

- Enkelt
- Inkluderande
- Fleksibelt
- Gratis
- Tilgjengeleg

Flere opplysninger om gjennomført tiltak

Type gjennomført tiltak: Organisert tur eller annen aktivitet som ikke er kurs eller opplæring

Ca antall deltakere fra følgende målgrupper	Antall
Personer med innvandrerbakgrunn	20
Personer med etnisk norsk bakgrunn	280
Personer med nedsatt funksjonsevne	
Personer som er svært fysisk aktive	40
Personer som er moderat fysisk aktive	180
Personer som er lite fysisk aktive	80
Totalt antall deltakere	300

Ca antall deltakere fra følgende aldersgrupper	Antall
0-12 år	100
13-19 år	
20-66 år	200
67 år og eldre	
Totalt antall deltakere	300

Vurdering av antatt helseeffekt for deltakerne: Svært god

Begrunnelse for vurdering av helseeffekt:

Fine turar både i kupert vestlandsterrang (med ein unge i bæremeis) og på mindre bratte turar har gjeve

god helseeffekt for deltakarane. Tilbodet har også stiumlert psykisk helse, som eit tilbod der einkvar har moglegheiten til å møtes i permisjonen for å gjere noko saman. Spesielt kan dette vere ein døropnar for dei som nyleg har flytta til Bergen og ikkje kjenner så mange.

Samarbeid og markedsføring

Samarbeid med andre i forbindelse med gjennomføring av tiltaket

Er tiltaket gjennomført i samarbeid med andre? Nei

Markedsføring av tiltaket

Er det utført markedsføring av tiltaket? Ja

Type markedsføring:

- Brosjyrer/plakater
- Oppsøkende virksomhet og møter med potensielle deltakere eller representanter for potensielle deltakere

Gi en nærmere beskrivelse av markedsføring:

Fyrst og fremst kostnader i forbindelse med flyers, då det er dette vi har hatt råd til mtp søknadsinnvigelse. Men vi har også jobba med spreing av budskapet i alle våre nettkanalar samt på diverse stands og arrangement.

Regnskap

Utgifter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Markedsføring	44 000	24 500
Koordinering, organisering, planlegging	20 000	20 000
Kostnader ved avvikling av aktiviteten	1 000	24 480
Total sum	65 000	68 980


Inntekter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Sum innvilget denne søknaden	65 000	32 000
Dugnadsinnsats	0	24 480
Andre offentlige tilskudd	0	0
Annen finansiering	0	0
Egne midler	0	0
Total sum	65 000	56 480


Regnskapsbalanse: -12 500


Forklaring til regnskapet, herunder eventuelle innsparinger/avvik i forhold til søknaden:


340,- per dugnadstime. 72 dugnadstimer har blitt gjennomført i forbindelse med avvikling av bæreturane i 2017.

Vedlegg

 2D2A0461.JPG (Bilde)

 2D2A0485.JPG (Bilde)

 2D2A0743.JPG (Bilde)

 2D2A0743 (1).JPG (Bilde)

Merknad:

Ingen merknad

[sign] Sigrid Kvåle Myksvoll for Bergen og Hordaland Turlag

Levert 12.01.2018